

Utgreiing om aktsemdsvurderingar etter openheitslova 1.1-31.12.2024

Innhald

Utgreiing om aktsemdsvurderingar etter openheitslova 1.1-31.12.2024	1
Innleiing	1
Produkt, tenester, marknadsområde og organisering	1
Eigarskap	2
Eika Alliansen	2
Banken sine rutinar for menneskerettar	3
Berekraft	3
Varsling	4
Banken sine aktsemdsvurderingar	4
Tiltak	4


Innleiing

Utgreiing om aktsemdsvurderingar er utarbeida av Voss Veksel- og Landmandsbank ASA (Vekselbanken) i samsvar med openheitslova § 5.

Produkt, tenester, marknadsområde og organisering

Vekselbanken er ein børsnotert forretningsbank og driv bankverksemd. Banken tilbyr produkt og tenester som ivaretek behova for både privat- og næringskundar. Dei mest vanlege produkta banken tilbyr er daglegbank, betalingsformidling, innskot og utlån. I tillegg tilbyr banken forsikring, kredittkort, smålån og fondssparing gjennom samarbeidande selskap i Eika Alliansen samt eigedomsmekling gjennom dotterselskapet Aktiv Voss AS. Marknadsområdet er i hovudsak Voss herad og ikring liggjande kommunar. Banken har kontor i Voss sentrum samt rådgjevarkontor i Eidfjord, og har 24 tilsette.

Banken sitt organisasjonskart ser slik ut:



Banken sitt øvste organ er generalforsamlinga.

Eigarskap

Dei største aksjonærane i banken per 31.12.2024 er Voss Sparebank, VPF Eika Egenkapitalbevis, August Ringvold Agentur AS, MP Pensjon PK og Wergeland Holding AS. Ingen aksjonærar eig meir enn 10 % av aksjane. Oversikt over dei 20 største aksjonærane går fram av kvartals- og årsrapportane til banken. Desse rapportane ligg offentleg tilgjengeleg på banken si heimeside og er publisert på Oslo Børs.

Eika Alliansen

Banken er ein del av Eika Alliansen. Eika Alliansen består av alliansebankane, konsernet Eika Gruppen og selskapet Eika Boligkreditt, som er heileigd av alliansebankane. Konsernet Eika Gruppen består av morselskapet Eika Gruppen AS, og dotterselskapa Eika Kapitalforvaltning og Aktiv Eiendomsmegling. I 2024 fusjonerte Eika Forsikring med Fremtind Forsikring og vart til Fremtind Forsikring, og Eika Kredittbank fusjonerte med Sparebank 1 Kreditt og vart til Kredittbanken AS. Eika Gruppen si kjerneverksemd er å syta for at lokalbankane har ei moderne og effektiv bankdrift gjennom gode og effektive produktleveransar, inkludert å syta for innkjøp på vegne av bankane i alliansen. Eika Boligkreditt er alliansebankane sitt bustadkredittføretak, med konsesjon til å utferda obligasjonar med fortrinnsrett (OMF). Hovudføremålet er å sikra bankane tilgang til langsiktig og konkurransedyktig finansiering.

Vekselbanken står fullt opp om og respekterer grunnleggjande menneskerettar og sømelege arbeidstilhøve i vår verksemd, og forventar tilsvarande hjå våre leverandørar og forretningssamband.

Dette går fram av dei etiske retningslinjene våre, retningslinjer for etiske investeringar og stadfesting av våre leverandørar sitt samfunnsansvar. Arbeidet med menneskerettar og openheitslova er forankra i styret.

Banken stiller krav og forventningar til våre leverandørar om ivaretaking av menneskerettar, og fylgjer opp innhenting av informasjon frå leverandørar og forretningssamband.

Eika Gruppen syter for fleire større innkjøp på vegne av bankane i alliansen. Styret i Eika Gruppen har vedteke policy for innkjøp og utkontraktering samt policy for berekraft med krav om aktsemdsvurderingar av avtalar inngått av Eika Gruppen på vegne av bankane. Eika Gruppen sin policy, metodikk som er nytta ved aktsemdsvurderingar med vidare er tilgjengeleg for banken på Eika Gruppen sine intranettsider. Banken har gjennomgått og kvalitetssikra prosess, metodikk og dokumentasjon i eigne gjennomgangar. Aktsemdsvurderingane er vurdert av banken som av god kvalitet.

Alle tilsette er kjent med banken sine rutinar etter openheitslova. Banken har få tilsette, korte linjer og god informasjonsflyt.

Berekraft

Banken har styrevedtekte retningslinjer for berekraftig verksemd og samfunnsansvar. Retningslinjene omhandlar korleis banken påverkar menneske, samfunn og miljø.

Overskotslikviditeten til banken vert investert i fond som er UN PRI signatory (FN støtta prinsipp for ansvarlege investeringar). Banken fylgjer i tillegg Statens Pensjonsfond (Oljefondet) sin investeringsprofil, og denne har tydelege retningslinjer for ansvarlege investeringar.

Vekselbanken er Miljøfyrtårnsertifisert. Dette inneber at banken jobbar i tråd med FN sine berekraftsmål.

Banken har rutine for antikvitvasking (AHV), og i samarbeid med Eika alliansen blir det utvikla system, rutinar og oppfylgjing av desse i samsvar med trussel- og risikobiletet på området.

Internt kan tilsette varsle om tilhøve som kan avdekke negative konsekvensar eller vera kritikkverdige gjennom eigen rutine for «uynskte hendingar», eller gjennom verneombod, tillitsvalde eller leiinga i banken. Banken har styrevedteke Retningslinjer for varsling av kritikkverdige tilhøve.

Banken har oppnemnd eige personvernombod, og kontaktinformasjon til personvernombod er å finna på banken si nettside www.vekselbanken.no

Banken har også gjort tilgjengeleg informasjon på sine nettsider om korleis eksterne klagar kan sendast til banken på eige skjema.

Banken sine aktsemdsvurderingar

Vekselbanken har gjort ei kartlegging og vurdering av banken si forretningsverksemd, leverandørkjede og forretningspartnarar. Vurderingane vil bli oppdatert og fylgt opp i takt med endringar frametter. Banken har henta inn eigenerklæring om leverandøråttferd frå våre største leverandørar og forretningssamband.

Risikoen for at banken bidreg til brot på grunnleggjande menneskerettar og sømelege arbeidstilhøve vert vurdert som låg. Det same gjeld risikoen som banken er direkte knytt til gjennom leverandørkjede og forretningssamband (jf. openheitslova § 3 d og e).

Banken har relativt sett få leverandørar og forretningssamband.

Banken gjennomfører årlege medarbeidarundersøkingar. Resultata frå desse vert nytta aktivt i vidareutvikling av arbeidsmiljø.

Banken sine aktsemdsvurderingar har så langt ikkje avdekke faktiske negative konsekvensar eller vesentleg risiko for negative konsekvensar. Det er såleis ikkje iverksett særskilde tiltak ut over den generelle oppfylgjinga av leverandørar, leverandørkjede og forretningssamband som skildra.

Tiltak

Som tidlegare nemnd i utgreiinga har banken ikkje identifisert faktisk negative konsekvensar eller vesentleg risiko for negativ påverknad på menneskerettar og sømelege arbeidstilhøve i rapporteringsperioden. Banken har difor ikkje måtte nytta seg av etablerte prosessar for handsaming av tilfelle der negative konsekvensar eller vesentleg risiko føreligg.


Vekselbanken vil i 2025 halde fram arbeidet med å ivareta våre plikter etter lova, og jobbe for å sikre vidare implementering og oppdatering innan området etter kvart som ein haustar erfaringar.

Voss, 3. juni 2025

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


Stein Kvarekvål
Styreleiar


Marita Østrem
Nestleiar

 
Gunvill Medhus Hege Solbakken


Solfrid Dagestad Midttun
Tilsette sin repr.


Stig Gunnar Røthe